Statens vegvesen

Marius Rødland
Steinsvikvegen 16
5955 LINDÅS

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 17/89556-4 | | 22.05.2018 |

## Nabovarsel - Frådeling - gnr. 106 bnr. 12 - Lindås kommune

Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 04.05.2018.

Varselet gjeld arealoverføring frå gnr. 106 bnr. 12 til gnr. 106 bnr. 17 i Lindås kommune.

Det går fram av nabovarslet at ein ynskjer å endre grensa til bnr. 17 om lag 20 meter lenger nord. Slik vi forstår varselet vert det ikkje oppretta ny grunneigedom.

Deler av arealet er omfatta av eit gamalt vegfar, Den Trondhjemske postveg. Delar av postvegen er innlemma i Nasjonal verneplan. Sjølv om gjeldane strekning ikkje er innlemma i verneplanen er vegen eit viktig kulturminne med nasjonal interesse. Vi minner difor om at det er særlege verdiar knytt til dette arealet, og at det ikkje må utførast tiltak som endrar eller øydelegg kulturminnet.

Vi minner også om at dersom søknaden gjeld endra / utvida bruk av avkøyrsle, byggjegrense langs fylkesveg eller andre forhold som vedkjem vegvesenet sitt fagområde, skal vegvesenet som vegmynde ha saka tilsendt for uttale etter plan- og bygningslova, eventuelt for handsaming etter veglova.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør
*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*
Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ